

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-614, FA-A20, TI-&42
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Ungdomsråd	07.11.2022
053/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
067/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
107/22	Alver formannskap	10.11.2022
	Alver kommunestyre	

Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Handsaming:

Orientering til saka v/Oddbjørn Hindenes-rådgjevar bygg, areal og grønt

Ingen merknader, samrøystes

RMNF- 053/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.11.2022:

Handsaming:

UR- 040/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommundirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:

Handsaming:

Spørsmål frå Anne Karin Eknes-Krf:

1. Kva er kapasiteten på Meland Aktiv pr idag - meire korleis vil kapasiteten verte framover, Meland Aktiv.
2. Arealet på tomten - uteareal ift. krav evt. moglegheit til å kjøpe ekstra areal dersom det er behov for?
3. Er det "plasser" på Frekhaug, der desse skuleborna kan plasserast "trygt" i, under byggeprosessen?

4. Kva er tomtepris på areal som må kjøpast, ved Meland Aktiv/Langelandskogen, og pris inklusiv regulering?
5. Kostnad - utredning 2 eller 3? Meirpris?

Spørsmål frå Yngve Walaker-Frp:

1. Vurderer me 2. eller 3. alternativ må eksisterande tomt seljast.
2. Korleis er tidsaspektet ved dei ulike alternativa?

Spørsmål frå Anna Nordlund-SV:

1. Ynskjer ikkje ta vekk alternativ no i tilfelle det vert ståande utan nokon av dei til slutt.

Spørsmål frå utvalet vert vidaresendt til Formannskapet.

Framlegg frå Laila Bjørge-Sp:

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk). Til :Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Jostein Borlaug-Ap:

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingsslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal.

Framlegget vart samrøystes vedtek.

OKK- 067/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.11.2022:

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk). Til: Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingsslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Ungdomsråd
Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Meland ungdomsskule består av fleire separate bygg der det eldste er frå 1920-talet. Skulen har eit større behov for vedlikehald og oppgradering. Det at skulen er så fragmentert medfører blant anna til at skulen ikkje har eit funksjonelt læringsmiljø. Skulen manglar klasserom, fellesrom for samling av elevar og tilsette og møterom for alle tilsette. Ein manglar også areal for kroppsøving, symjeundervisning samt at ein treng eit større og meir variert uteområde. Det er med andre ord behov for ein meir framtidsretta og optimalisert bygning.

I konseptfasen er det foreslått 3 tomter som skal vurderast:

1. Dagens plassering i Havnevegen 53 (regulert til offentlig)
2. Langelandsskogen (pågående planprosess)
3. Område aust for Meland Aktiv (uregulert)

Ein skal vurdere fordelar og ulemper ved alle tomtane, og konseptfasen skal enda opp med ei anbefaling vedr kva tomt som er best eigna for lokalisering av ny ungdomsskule, jfr vedlagt mandat.

Denne saka omhandlar mandat for konseptfasen/tidlegfasen. Saka omhandlar ikkje sjølv prosjektfasen/ gjennomføringsdelen.

Saksopplysningar

Tidlegare vedtak:

I gamle Meland kommune vart det i Formannskapet, sak 94/2018 den 17.10.2018 gjort vedtak som omhandla vidare arbeid med å planlegge for ungdomsskule i Langelandsskogen.

I kommunestyremøte den 16.12.2021, sak 164/21: Økonomiplan 2022 – 2025.

Kommunestyret ønskjer å forsere planlegginga av ny ungdomsskule på Frekhaug og ny barneskule på Eikanger, og legg inn midlar til dette frå og med 2022.

Utgreiingsfasen:

Kommunen vil ha ansvar for å gjennomføre konseptfasen. Ved behov vil ein også leige inn rådgjevarar som kan bistå i denne prosessen. Undervegs vil det være nødvendig å involvere brukar- og referansegrupper.

I konseptfasen skal ein mellom anna vurdere plassering, dimensjonerande elevtal, avklare funksjonar som skal inn i bygget, vurdere uteopphaldsareal og sjå på nødvendig infrastruktur.

Kostnader:

I forslag til økonomiplan investering 2023- 26 er det sett av kr 0,7mill i 2022, 3,6 mill i 2023, 4,9 mill i 2024 og 9,3 mill i 2025 for prosjekt *Frekhaug- Ny ungdomsskule*, for behovsavklaring, planlegging og etter kvart klargjering og prosjektering.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at mandat for konseptfase for ny Frekhaug ungdomsskule, vert vedtatt slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

Vedlegg i saken:

27.10.2022 Mandat ny Frekhaug ungdomsskule

1824526